

To skuleklassar i politiet sin superbåt

14.05.2014



Klårt til tur med superbåt!

Dei 28 elevane i femte og sjette klasse ved skulen har ei stor oppleving som passasjerar i den splitternye superbåten til Hordaland politidistrikt i dag. Dei får ein tur i meir enn 40 knops fart og lærer mykje sjøvett på stutt tid. Så er da også dette fyrste del av eit prosjekt om livet i fjøra. Politibetjentene Frode Myklebust (nærmast uskedeling) og Torgrim Flaten (frå Sunde) er fast mannskap på båten i denne sesongen.



[Betjentane kjem til Sandakaaien](#)

Men medan Frode er veteran på politibåten og no tek fatt på sin sesong nummer 18 er Torgrim inne i sesong nummer 4. 'Veldig tøft' og 'Kjempegøy' var to replikkar som gjekk att frå elevane etter den kvikke rundturen frå Sandakaaien. Dit kom politibåten etter å ha gjort unna turen frå basen på Håkonsvern på ein times tid. Toppfarten på riben som er ein Goldfish 36 er hemmeleg, men uskedalen.no har grunn til å tru at den ligg atskillig over marsjfarten som er 40 knop. Den nye Hordalandbåten er ikkje raskare enn den gamle, men den er betre utstyrt, til dømes med betre utstyr for navigasjon.

Den er såvidt vi forstår landets mest avanserte politibåt og det er ikkje særleg klokt å gjera nokon freistnad på å stikke av frå han! uskedalen.no ville veta kor stor farten ville ha vore hvis det hadde vore kuling og ikkje maksver i dag, men svaret var at farten ville ha vore den same.

At det ikkje er lurt å utfordra politibåten gjorde dei to betjentane klårt for elevane i skuletimen som gjekk forut for turen. Dei streka ikkje minst under kor dumt det er å drikka alkohol når ein skal til sjøs og sa at nettopp dette er det største problemet politiet sliter med.

Det gjer ikkje problemet mindre at promillegrensa er 0,8 i båt.

I alle fall er det viktig å ha ein rask båt til disposisjon for den mangfaldige polititenesta i eit øyrike som Hordaland. Klassane var ellers godt førebudde og stilte mange kloke spørsmål under politivitjinga. 4 elevar om gongen fekk ein frisk tur etterpå.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen



-Takk for turen!